



»Tenester for funksjonshemma, Kingelveven og andre tenester

Kingelveven/vaksenopplæringa: 13 brukarar i 2018, 3,6 stillingar. Eit tettare samarbeid mellom Kingelvene og omsorgstenestene gjer at vi kan tilby fleire denne tenesta og variasjon og kvalitet i tilbodet vert betre. Fleire har fått tilpassa aktivitetar. Det vert arbeidd vidare med samordning av dagtilboda til ulike brukargrupper. Det vert sett fokus på felles ressursutnytting på tvers av einingar og sektorar. Brukarane får tilbod om ulike aktivitetar som er individuelt tilpassa. Det sosiale og miljøretta perspektivet er ein viktig del av tilbodet. Kingelveven gir også eit tilbod til dei som meistrer ein meir krevjande produksjon av ulike handverk og tekstilvarer.

Sosiale tenester: støttekontakt: 57 mottatt tenester, 73 har fått vedtak. Tenesta har delvis nådd målet om at mennesker med særlege behov for støttekontakt og avlasting skal sikrast rett teneste til rett tid. Grunn til dette er at det er vanskar å rekruttere støttekontakte og avlastningsheimar. Ein ser eit auka behov for tenestene framover grunna fleire brukarar med store og krevjande hjelpebehov.